

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 01.06.2017  
**Tidspunkt:** 09:30-13:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	SS-H
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV til kl. 13.00
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF (PF)

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Solberg	Inger M. Lingjerde	PF (PF)

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Målfrid Vik Sønstabø	Leiar avd. Trafikktilbud, Skyss
Hanne Alver Krum	Leiar Skyss marked, Skyss
Hilde Joranger Mæland	Seksjonsleiar, Kommunikasjonsseksjonen
Merethe Helland Nordnæs	Jurist/møtesekretær

## Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 15/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 16/17	Godkjenning av sakliste		
PS 17/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 18/17	Referatsak (meldingar)		
RS 9/17	Opplæring i teiknspråk i dei vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune	2017/2682	
RS 10/17	Orientering om status for rekneskapen/budsjett pr. 31.05.2017	2017/2682	
RS 11/17	Oppsummering av Landsmøte for eldreråda i Ålesund den 22.- 24. mai 2017	2017/2682	
PS 19/17	Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse	2017/2682	
PS 20/17	Forslag til tema på Eldrerådskonferansen 2017, konferansen for dei kommunale eldreråda	2017/2682	
PS 21/17	Ymse		

### PS 15/17 Godkjenning av møteinnkalling

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017

##### Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

### PS 16/17 Godkjenning av sakliste

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017

**Representanten Gunda Falao Sparre LOP** opplyste at det var eit referat frå møte i Brukarvalg for Helse Bergen som skulle med under PS 21/17 ymse.

**Representanten Odd Himle** SS-H nemnte at saka: -Diskriminering av eldre – bu saman, og skulle med på PS 21/17 ymse.

**Representanten Monrad Reigstad** ynska at saka Regional transportplan for Bergensområdet skulle med på PS 21/17 ymse.

##### Vedtak

Sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

### PS 17/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017

##### Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 30.03.2017 vart godkjent utan merknader.

## **PS 18/17 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017**

Referatsak RS 9/17 Opplæring i teiknspråk i dei vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune, vart referert.

Referatsak RS 10/17 Orientering om status for rekneskap/budsjett pr. 31.05.17 vart referert.

**Inger Sjong (H)** ønska at postene i regnskapet vart meir spesifisert. Ho stilte og spørsmål om utgiftene til turane til Danmark og Ålesund var teke med regnskapet.

Referatsak RS 11/17 Oppsummering av Landsmøte for eldreråda i Ålesund den 22. – 24. mai 2017, vart referert. Monrad Reigstad såg det som positivt at eldreråda frå fylka, hadde mogelegheit til å kome med innlegg på møtet. Odd Himle fann konferansen bra, men syntest og det var mykje utflukter og mykje tid som gjekk bort i ingenting. Kåre Ystanes fann at konferansen var bra, men konferansen på Lillehammer var betre.

### **RS 9/17 Opplæring i teiknspråk i dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune**

### **RS 10/17 Orientering om status for rekneskapen/budsjett pr. 31.05.2017**

### **RS 11/17 Oppsummering av Landsmøte for eldreråda i Ålesund den 22.- 24. mai 2017**

## **PS 19/17 Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet ber om at ordninga med tannhelsetenesta må oppretthaldast slik ho er organisert idag og vil arbeide vidare med denne saka.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet ber om at ordninga med tannhelsetenesta må oppretthaldast slik ho er organisert idag og vil arbeide vidare med denne saka.

## **PS 20/17 Forslag til tema på Eldrerådskonferansen 2017, konferansen for dei kommunale eldreråda**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til tema for eldrerådskonferansen 2017.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017**

**Gunda Falao Sparre LOP** fremma forslag om å ha eit ekstramøte i Fylkeseldrerådet før sommaren, for å arbeide vidare med programmet for Eldrerådskonferansen 2017.

### **Røysting:**

Fylkesrådmannens forslag med Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til tema for Eldrerådskonferansen 2017.

Fylkeseldrerådet vil ha eit ekstramøte før sommaren for å arbeide vidare med programmet for eldrerådskonferansen 2017.

## PS 21/17 Ymse

### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017

#### Diverse orienteringer:

Orientering frå Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø, leiar avdeling Trafikktilbud og Hanna Alver Krum, leiar Skyss marked.

- a) Papirlause rutetabellar og infobrosjyren: Får bussane og båtane påfyll av brosjyren ?
- b) Servicelinjenettet i Bergen.

Orientering frå kommunikasjonsseksjonen v/Hilde Joranger Mæland, seksjonsleiar.

- Korleis kan Fylkeseldrerådet profilere seg på intranettet i HFK/heimesida ?

**Synnøve Solbakken (A)** Orienterte frå 2 møte i brukarutval for Helse Fonna. Dette vart gjort like etter referatsakene, etter avtale med leiar, av di ho måtte gå frå møtet ca. kl. 13.00. Referata var pr. 01.06.17 ikkje skrivne, og vil verte ettersendt.

Referat frå møte i brukarutval i Helse Bergen den 25.04.17 vart delt ut i møtet.

**Monrad Reigstad PF** ynsker at eldrerådet engasjerer seg i PS 46/2017 Regional areal og transportplan for Bergensområdet. Saka skal handsamast på fylkestinget den 13.6.17.

Datoane den 19.6.17 eller den 21.06.17 vart foreslått som dato for ekstramøte i Fylkeseldrerådet for å arbeide vidare med programmet for Eldrerådskonferansen 2017. Administrasjonen sender møteinnkalling.

Desse temaene vart nemnde på møtet den 01.06.2017 (men ikkje votert over) :

Frå Synnøve Solbakken:

- Pasientreiser
- Tannhelse
- Kultur, aktivitetstilbod for eldre
- Ernæring for eldre
- Eldreomsorg
- Frivillig arbeid, delta sosialt
- Unngå ensemd.

Monrad Reigstad:

- Jan Davidsen som innleder på Eldrerådskonferansen. Tema: Pensjon/levetilvilkår for eldre.

Odd Himle:

- Diskriminering av eldre – eldre som samfunnsressurs v/Christine Engelstad (Komm.sjef Seniorsaken).

Gunda Falao Sparre:

- Et foredrag om helseforetakenes og kommunenes ansvar for å sikre at ernæring blir en integrert del av omsorgstenesta i kommunene. Jfr. «Nasjonale retningslinjer for forebygging og behandling av underernæring.» Utgitt av helsedirektoratet 2009. Forslag til innleiar: evt. ein fra Helsedirektoratet.

Inger Sjong:

- 1. Tannhelse v/prof. Gunnhild Vesterhus Strand. (Se notat fra Bergens Tidende, 13.3.17 «Får de maten i seg?») Kopi av notat/avisutklipp delt ut i møte den 01.06.17.)
- 2. Forebygging av demens. (Fysisk aktivitet.) Foredragsholder: Ref. Synnøve Solbakkens forslag.
- 3. Pasientreiser.
- 4. Wenche Frogne Sellæg: Hva er viktig for kommunale eldreråd?